

**SAK 03/22 ÅRSMELDING 2021****Saksopplysning:**

Årsmelding 2021 for Regionrådet for Hallingdal, er behandla av Regionrådet i møte 29. april.  
Det vart fatta slikt vedtak:

«Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne årsmeldinga for 2021.»

**Forslag til vedtak:**

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2021.


Hallingdal, 19. april 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

Vedlegg: Årsmelding 2021

# REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

## ÅRSMELDING 2021



Utkast til Hallingtinget 28. april 2022

## 1. INNLEIING

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL er eit politisk samarbeids - og interesseorgan for dei 6 kommunane i Hallingdal. Regionrådet arbeider for å utvikle regionen og samarbeidet på tvers av kommunegrensene med særleg vekt på næringsetablering og arbeidsplassar, tilflytting og rekruttering, samferdsel, breibandutbygging og utdanning. Alle referat og saker ligg på [www.regionraadet.no](http://www.regionraadet.no).

## 2. ORGANISERING OG LEIING

Hallingtinget er det øvste formelle organet i Regionrådet, med 5 representantar frå kvar kommune, der den eine er ordføraren. Dei andre representantane er leiar/nestleiar av hovudutval/sektorutval og/eller medlemmer av formannskapet.

Desse har utgjer Hallingtinget for perioden i 2022.

Hol	Ål	Gol	Hemsedal	Nesbyen	Flå
Petter Rukke ordførar	Solveig Vestenfor ordførar	Heidi Granli ordførar	Pål Rørby ordførar	Tore Haraldset ordførar	Merete H.Gandrud ordførar
Hanne Haatuft	Ole Egil Trintrud	Herbrand Jegleim	Petter Owesen	Geir Olav Garthus	Steinar A Steinarson
Sigrid Simensen Ilsvøy	Ingeborg Kaslegard	Leif Norhaug	Helene Sagabräten	Heidi Hovind Sezer	Tor Egil Buøen
Martin Grøslandsbråten	Anne Vetteren Grøthe	Tom Rune S Blakkestad	Andreas Smith- Erichsen	Bård Heio	Geir Vidme
Nina Dalen	Jørund Li	Kristin Bakke Haugen	Norunn Rivedal	Linda Støvik	Anette Heiplass

Ordførarane utgjer Regionrådet for Hallingdal. Solveig Vestenfor er rådsordførar for perioden og Pål Rørby er varaordførar. Rådmenn/kommunedirektørar i alle kommunar er med på alle møte i Hallingting og Regionråd, med tale- og forslagsrett.



Regionrådet for Hallingdal

I tillegg er Viken fylkeskommune representert i alle møter med Fylkesråd Tonje Brenna (fram til okt. 2021) og fylkestingsrepresentantane Iselin Haugo Stavn og Magnus Weggesrud. Heidi Westby Nyhus Fylkesråd for utdanning og kompetanse tok over etter Tonje Brenna i okt. 2021. Administrasjonen i Viken fylkeskommune møter også i Regionrådmøta.

#### Regionrådet sin administrasjon

Dagleg leiar:	Jan Olav Helling
Seniorrådgjevar:	Knut Arne Gurigard
IKT koord.	Knut Jakob Larsen
Reknskap/IT	Målfrid Dusegard
Prosjektleiar	Linda Dalene Bjerke


### 3. MØTER OG SAKER i 2021

Hallingtinget: To møter. 19 saker vart handsama.

Regionrådet: 8 møter, 4 av desse var digitale teamsmøte. 74 saker vart handsama

Av større hendingar og saker som har vore arbeida med i 2021 kan nemnast:

**STRATEGISK PLAN HALLINGDAL** Strategisk plan for Hallingdal er vedteken. Planen tek stilling til dei utfordringane regionen har, og seier noko om kva målsetjing me skal ha for det regionale utviklingsarbeidet fram mot 2025. Vidare viser planen kva hovudsatsingar me skal ha som region, og den er konkret på kva me ønskjer å oppnå når planen er gjennomført. Hovudsatsingane – det viktigaste kommunane i Hallingdal skal samarbeide om framover, er næringsutvikling og arbeidsplassar, attraktivitet, omdømme og tilflytting, infrastruktur, klima og miljø og kommunal tenesteyting. Modellen viser mål, verdiar og dei fem satsingsområda





Viken fylkeskommune har gitt Hallingdal omstillingsstatus dei neste tre åra. Med kommunane sin eigeninnsats, er det sett av 5,6 mill. pr. år i 3 år til ei ekstraordinær satsing på næringsutvikling i dalen. Me kallar det **SATS PÅ HALLINGDAL**. Prosjektet er i gang og alle kommunar og næringslivet i heile Hallingdal skal involverast. Viken og Innovasjon Norge er støttespelarar. Målet for utviklingsarbeidet er å skapa nye, og sikre eksisterande arbeidsplassar, få eit meir variert næringsliv i Hallingdal og auke konkurransekrift og utviklingsevne i eksisterande og nye bedrifter.



**BEREKRAFTIG REISEMÅL.** Merket for berekraftig reisemål er ei sertifisering for reisemål som ynskjer å arbeide langsiktig og målretta med berekraft. Destinasjonane Nesbyen, Hemsedal, Gol og Ål jobbar no i lag for å oppnå merket for berekraftig reisemål og det er ei rekke tiltak som skal gjennomførast. Prosessen starta våren 2020 og reisemåla vil være i mål i utgangen av 2022. Regionrådet for Hallingdal er prosjekteigar og leiar arbeidet med å koordinere dei fire destinasjonane. Geilo og Flå er alt merka.

Etter å ha kvalifisert for «Merket» arbeidar reisemålet vidare med forbetringer som ein del av den daglege drifta. Å kvalifisere for merket betyr ikkje at reisemålet ER berekraftig, men merket forpliktar reisemålet til å fortsette å prioritere berekraft i den ordinære verksemda.



Prosjektleiing og styringsgruppe Berekraftig reisemål.

## HALLINGDAL - VIKEN

Hallingdal har som den første av 11 regionar i Viken signert ei partnarskapsavtale med fylkeskommunen. Avtala er eit uttrykk for ein felles ambisjon om samarbeid, og ønska retning for samarbeidet mellom Regionrådet for Hallingdal og Viken fylkeskommune. Me har teke til orde for at Hallingdal treng andre verkemiddel enn sentrale regionar når det gjeld t.d. stimulering av næringsliv, utdanningstilbod, samferdselsløysingar og kollektivsatsing, klimatiltak, og tiltak som er viktige for at folk skal koma til Hallingdal, trivast her, bli verande her og ha ei oppleveling av god livskvalitet. Dette er no innarbeid i avtala med Viken.

**REGIONALT POLITIRÅD.** På Hallingtinget i juni vart det vedteke at me skal ha eit regionalt politiråd i tillegg til det politirådet som er i kvar kommune. Politirådet er eit formalisert samarbeidsforum for kriminalitetsførebyggande arbeid, for samordning av beredskapsplanar og for arbeid med samfunnssikkerheit, mellom politiet og kommunane og region



**SAMFERDSEL** Regionrådet for Hallingdal ser på arbeidet med å styrke innsatsen for betre veg og bane i og til Hallingdal som ei prioritert oppgåve. Det er nødvendig med ein forsterka innsats med eit sterkare tverrpolitisk samarbeid. Det er m.a. oppretta eit eige samferdselsutval under Regionrådet for Hallingdal.

«**Hallingdalsløysinga**», med mål å oppnå ei meir heilskapleg og høgare standard for både Rv7 og Rv52, er ei satsing. Utgangspunkt er Vegpakke Hallingdal, strekninga Ørgenvika –Gol og fjellovergangane.

**Ringeriksbanen** har siste året vore høgt på dagsorden og er nærmare realisering enn nokon gong. Det er satt av naudsynte midlar til førebuande anleggarbeidar i 2022. Ut frå politiske lovandar frå eit nesten samla Storting, vil noko anna enn full byggestart i 2023 vera eit løftebrot.

**NORTURA.** Med bakgrunn i planane til Nortura om å leggje ned den største industriarbeids-plassen i Hallingdal med i underkant av 100 heilårsarbeidsplassar, har Regionrådet engasjert seg. Det er starta eit arbeid i samarbeid med Nortura, for å sjå på mogelegeheitene for utvikling av anlegget på Gol.

**BREIBAND.** Dei siste åra er det investert mykje i breibandutbygging i Hallingdal. Hallingdal Kraftnett har stått for store delar av utbygginga, og har til no investert omlag 300 mill. kroner. I eit samarbeid med Regionrådet for Hallingdal har utbygginga utløyst i overkant av 30 mill. kroner i statlege og fylkeskommunale løyingar. I 2021 vart det løvd 8,3 mill., som går til utbygging i definerte områder i alle dei seks kommunane i Hallingdal.

#### **IMA - HALLINGDAL SJUKESTUGU**

Intermediær avdeling (IMA) ved Hallingdal sjukestugu vart teken i bruk i 2016. IMA har 20 sengeplassar, der 10 senger tilhører spesialist- helsetenesta, og 10 senger er kommunale. I 2021 vart kommunane einige om ei ny avtale som sikrar drifta ved Sjukestugu og som ivaretok felles regionalt ansvar og kostnadsrisiko



#### **4. VERV**

For valperioden 2019 – 2023, eller når tiltak er avslutta er desse valt:

FORA/TILTAK	MEDLEM	VARA
Rådet til Fjellnettverket	Heidi Granli Pål Rørby	Tore Haraldset Merete H. Gandrud
Styret for Fjellnettverket	Solveig Vestenfor	
Styre for Hallingdal Næringshage	Merete H. Gandrud	
Fagrådet i Hallingdal Etablerersenter	Heidi Granli	
Styre Forum Nye Bergensbanen	Heidi Granli	Petter Rukke
Representant til SLT	Petter Rukke Tore Haraldset Merete H. Gandrud	
Styre for Hallingdal Folkehøgskule	Solveig Vestenfor	Merete H. Gandrud
Styre IS Rv7	Tore Haraldset	
Arbeidsutval Forum Nye Bergensbanen	Knut Arne Gurigard	
Arbeidsutval Fjellnettverket	Dagleg leiar	
UngInvest AIB avdeling Hallingdal	Pål Rørby	
Toppidrettsregion Hallingdal	Petter Rukke	
Hallingdalsløysinga	Heidi Granli Petter Rukke Pål Rørby	

#### **5. ØKONOMI**

Rekneskapet til Regionrådet for 2021 viser eit mindreforbruk på drifta med kr. 58 841,77. 2021 var budsjettet med totale driftsutgifter på kr. 2 730 000.- og inntekter på kr. 2 730.000.- inklusive eigeninnsats på kr. 400 000

Disposisjonsfondet var pr. 31.12.2021 på kr. 763 671,67, mot kr. 487 298,81 året før

## 6. OPPSUMMERING OG FRAMTIDUTSIKTER

I Hallingdal klarar me oss bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me skårar høgt på bustadattraktivitet og i 2021 var det, for fyrste gong på mange år, folketalsvekst alle kommunane i Hallingdal. Totalt var det 188 fleire Hallingar ved utgongen av 2021, enn det var året før. Næringslivet i dalen klarar seg også bra om ein samanliknar med andre distrikt. Likevel har me mindre vekst enn alle andre regionar i Viken. Næringslivet har klart seg på grunn av ei sterkturistnæring som har vore ein sentral drivar for utvikling og vekst. Under pandemien endra dette seg og Hallingdal fekk erfare at sjølv om me har ein viss variasjon i næringslivet, er mykje avhengig av reiselivet. Kommunane, næringa sjølv og Regionrådet har jobba hardt for å sikre dei bedriftene som er råka av pandemien. I 2021 fekk me også høve til å ta grep, og til å gjera noko med den sårbare situasjonen både når det gjeld arbeidsplassar og demografiske utfordringar som mogeleg. 25. mars 2021 vedtok Fylkesrådet i Viken at Hallingdal (og Gardermoregionen) skulle få omstillingsstatus. Det å få omstillingsstatus, betyr at det blir sett inn ein ekstraordinær innsats i ein region der det lokale næringslivet forvirrar eller forsvinn, og mange arbeidsplassar går tapt.

Vårt omstillingsprosjekt kallar me «SATS PÅ HALLINGDAL.» Dette er ei ekstraordinær næringslivssatsning, som har som hovudmål å få til fleire arbeidsplassar og meir variert næringsliv i Hallingdal. Prosjektet skal også, saman med kommunar, næringsliv, næringshage og mange andre, bidra til bustadattraktivitet, fleire innbyggjarar, kompetent arbeidskraft og levande bygder der folk vil koma til å bli verande.

Hallingdal har vist at samarbeid, kreativitet og offensiv tenking er eit godt grunnlag for ei positiv utvikling. Me er landets største reiselivsregion, me har 18000 hyttehallingar i dalen, det skjer spennande ting i industrien og dette gir oss både nokre konkurransefortrinn og moglegheiter. Me har tru på at Hallingdal har det som skal til for å skape attraktive og aktive lokalsamfunn der folk trivast og der ein har spennande og varierte arbeidsplasser.

Hallingdal 21. mars 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar i regionrådet